

## Sykkylven sokneråd

### Møte i Sykkylven sokneråd 5. september 2017

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte: Simen Elias Nordbrønn Myklebust og Arild Sporsheim. Sistnemnde gjekk etter sak 30/17.

Møtet vart opna av soknerådsleiaren som ønskte velkommen til vår nye sokneprest og soknerådet. Deretter haldt soknepresten fram med å lese eit vers frå bibelen og bad ei bøn.

#### **Sak 28/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjend.*

#### **Sak 29/17 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 02.05.17 og 13.06.17**

*Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjend.*

#### **Sak 30/17 Redusert presteresurs**


Det har kome brev frå prosten vedkomande forslag om redusert presteresurs. For Sykkylven og Ikornnes sokn foreslår prosten 20 % reduksjon av prestetenesta, tilsvarande ein dag i veka.

Kyrkjeverjen haldt ei innleiing, før soknerådet diskuterte saka vidare. I diskusjonen kom det fram at mange er kritisk til at ein, spesielt ved at det nettopp er tilsett ny prest, skal gjere om på prestestillingane. Det er mykje å setje seg inn i for den nye presten, det tar tid å bli kjent, og vi treng dei presteresursane vi har.

Vidare vart det tatt fram at forslaget inneber ein reduksjon frå 2 til 1,8 årsverk. Vi bør vurdere å «kjøpe prestane fri», ved at reduksjonen på 20 % vert finansiert lokalt. Dette kan mellom anna finansierast ved utvida satsing på givarteneste. Vi har tidlegare finansiert ei 50 % stilling i tre år.

Det kom også fram i diskusjonen meiningar om at dersom frivillige skal verte engasjert til å halde gudsteneste, vil det også være ein stor jobb å organisere den/dei frivillige. Då vil ein del av arbeidstida til presten gå med til dette arbeidet.

Det vart også tatt fram at vi må vise at vi vil ta vare på prestane våre. Vi har tilsett ny prest under føresetnad av at presten skulle vere 100 % i Sykkylven. Vi kan nytte fond og givarteneste for å finansiere at stillinga ikkje vert redusert. Vi



## Sykkylven sokneråd

må nok uansett vere innstilt på å basere oss i sterkare grad på givarteneste i framtida.

Soknepresten sjølv trur ein reduksjonen kan føre til at han kan verte ein annan prest enn han ynskjer. Han må ta bort meir av dei interessante oppgåvane. Forslaget opplevast litt demotiverande. Gudstenestene vert mindre personleg og kan verte meir A4. Forslaget kan også føre med seg at det vert mindre tid til relasjonsbygging og mindre tid til å gjøre seg kjent i eigen menighet. Forslaget gjer stillinga mindre tiltalande og at soknepresten føler seg litt på utsida og vert flytta rundt som ein resurs.

*Vedtak: Soknerådet vil arbeide vidare med saka, og ta den opp i strategisamlinga som skal vere den 7. september og i neste felles soknerådsmøte den 3. oktober med Sykkylven og Ikornnes sokneråd.*

### **Sak 31/17 Innspel til Strategisamling**

Soknerådet diskuterte ulike innspel om kva vi ville prioritere å satse vidare på til strategisamlinga, som skal vere i Ikornnes kyrkje den 7. september.

Det kom mellom anna forslag om å prioritere å satse på:

- Frivillige medarbeidarar og leiarar.
- Leiartrening.
- Gruppe til å planlegge gudstenestene saman med presten. Oppmøte ein time før, og deretter nokon til å ta i mot dåpsfølget. Alternativet kunne være at husgruppene kom med innspel til gudstenestene.
- Sosiale media. Bruke det til forkynning og undervisning. Kanskje finne frivillige til å oppdatere sosiale media og heimeside.


Soknepresten poengterte at det er ikkje eit spørsmål om å satse eller ikkje på frivillige. Menigheta er frivillige.

*Vedtak: Soknerådet vart einige om å ta med seg følgjande satsingsområde til strategisamlinga:*

- *Frivillige medarbeidarar/leiarar/leiartrening*
- *Sosiale media/heimeside*
- *Husgrupper*

### **Sak 32/17 Beredskap**

I samband med eit uventa dødsfall tidlegare i år vart kyrkja opna, og det vart gjort ein del erfaringar frå dette. Tilbakemeldinga frå dei som deltok var svært gode. Dette skuldast at folk frå menigheten stilte opp, men det var ingen plan for dette. Det var difor litt tilfeldig at det gjekk så bra som det gjorde. Det er behov for å lage gode rutinar for at det også ved eventuelle seinare høve vert like vellukka.



## Sykylven sokneråd

Spørsmål og tema som vart diskutert av soknerådet var:

- Frivillige medarbeidarar og leiarar.
- Kva kan vi lære av dette?
- Evaluering open kyrkje ved dødsfall
- Kva skal vere kriteria for å opne kyrkja?
- Kven skal stille? Kven kan ein rekne med?
- Plan/sjekkliste for slike høve.
- AU foreslår ei erfaringsbasert gruppe med forslag til sjekkliste.
- Utarbeide ressurs-ark for å finne ut kven ein kan kontakte for å få hjelp når kyrkja vert open i samband med ulukker og kriser. Skal det vere reglar for når kyrkja skal verte opna?

*Vedtak: Soknerådet tar med seg tankane til førstkomande felles soknerådsmøte med Sykkylven og Ikornnes sokneråd.*

### **Sak 33/17 Prosedyre når medlemmer ikkje kan møte til soknerådsmøte**

Soknerådet diskuterte prosedyre når soknerådsmedlem ikkje kan møte til soknerådsmøte.

*Vedtak: Kvart einskild soknerådsmedlem har ansvar for å kalle inn vara om ein ikkje kan møte til soknerådsmøte, og melde frå til leiar av soknerådet. Innkalling og referat vert sendt til varamedlemmene for kvart møte.*

### **Eventuelt:**

Det var ingen andre saker til handsaming.

### **Referat og orienteringssaker:**

- Innspel frå Stabssamlinga i Geiranger.
- Kirkens SOS treng fleire frivillige (sjå brev frå kirkens SOS).
- Mail m/innspel frå Geir Brekke (sjå vedlegg). Dette vert sendt vidare til utsmykkingsnemda.

### **Påminning:**

- 07.09.17 Strategisamling kl. 16.00 i Ikornnes kyrkje
- 03.10.17 Felles SR møte med Ikornnes og Sykkylven sokneråd
- SR medlemane tak ansvar for mat på møta kvar sin gong.

Referent: Knut Henning Aursnes